

Tenestestandard for helse – og omsorgstenestene i Jondal kommune

Innhold

Mål for helse- og omsorgstenestene i Jondal kommune.....	3
1.0 Jondal kommune sitt ansvar	3
2.0 Sakshandsaming ved søknad om helse -og omsorgstjenester i Jondal kommune	5
3.0 Tenesteoversikt	8
4.0 Individuell plan	9
5.0 Tryggleiksalarm.....	10
6.0 Middagsombringning	12
7.0 Praktisk bistand – (heimehjelp).....	13
8.0 Praktisk bistand og opplæring.....	15
9.0 Støttekontakt og treningskontakt	17
10.0 Brukarstyrt personleg assistanse (BPA).....	18
11.0 Helsetenester i heimen (somatisk og psykisk)	19
12.0 Dag – og aktivitetstilbod.....	22
13.0 Omsorgsbustad	23
14.0 Omsorgsstønad	24
15.0 Avlastning i og utanfor institusjon (barn)	26
16.0 Avlastning i institusjon (Vikevollen)	28
17.0 Korttidsopphald i institusjon (Vikevollen).....	29
18.0 Rehabilitering i institusjon (Vikevollen)	30
19.0 Langtidsopphald i institusjon (Vikevollen)	32
20.0 Bukollektiv for heimebuande ved Vikevollen sjukeheim	34
21.0 Retningsgjevande dokument	35

Mål for helse- og omsorgstenestene i Jondal kommune.

Hovudmålet til den kommunale helse-og omsorgseininga er å gje tenester med god kvalitet gjennom brukarmedverknad og ha medarbeidarar med den kompetanse som trengs for å yte tenesta.

Tenestene skal vere likeverdige, uavhengig av bustad, inntekt og sosial status, og skal bidra til god livskvalitet. Tenestene skal gjevast innanfor tildelt budsjettramme.

Saman med sentrale føringar er dette dokumentet meint å vere rettleiande for kommunen sine innbyggjarar og tilsette. Målet er å skape ei felles forståing for nivået på tenesteytinga med bakgrunn i sentrale lovkrav, politisk prioriteringar, faglege og juridiske vurderingar.

Ein tenestestandard er å forstå som ei skildring av omfang og innhald i ei teneste. Standardane skal seie noko om føremålet med tenesta, presisere målgruppe og vilkår for tildeling av kvar teneste. Ein tenestestandard skal skildre kva tenestemottakarane kan forvente seg av kommunen som tenesteytar, og kva kommunen forventar av brukarane av tenestene.

For oversikt over helsetenestene i Jondal kommune : sjå punkt 3.

1.0 Jondal kommune sitt ansvar

Kommunen har eit overordna ansvar for organisering og fordeling av heilskaplege koordinerte helse- og omsorgstenester lokalt i kommunen.

Kommunen har planleggings- og driftsansvar for tenestene. Dette omfattar det faglege og økonomiske ansvaret, samt arbeidsgjevaransvaret for dei som arbeidar her. I samsvar med internkontrollforskrifta må kommunane sørge for systematiske tiltak som sikrar at aktivitetane i verksemda vert planlagd, organisert, utført og halde vedlike i samsvar med dei krav som er fastsatt i helse- og omsorgstenestelovgjevinga.

Helse- og omsorgstenestelova §3-1 slår fast kommunen sitt ansvar:

«Kommunen skal sørge for at personer som oppholder seg i kommunen tilbys nødvendige helse og omsorgstjenester.

Kommunens ansvar omfatter alle pasient- og brukergupper, herunder personer med somatisk eller psykisk sykdom, skade eller lidelse, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsatt funksjonsevne.

Kommunes ansvar etter første ledd innebærer plikt til å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere virksomheten, slik at tjenestenes omfang og innhold er i samsvar med krav fastsatt i lov eller forskrift.

Kongen kan i forskrift gi nærmere bestemmelser om pliktens innhold.»

§1.1. Lova sitt føremål

Lova sitt føremål er særlig å:

«forebygge, behandle og tilrettelegge for mestring av sykdom, skade, lidelse og nedsatt funksjonsevne, fremme sosial trygghet, bedre levevilkårene for vanskeligstilte, bidra til likeverd og likestilling og forebygge sosiale problemer, sikre at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig og til å ha en aktiv og meningsfylt tilværelse i fellesskap med andre, sikre tjenestetilbudets kvalitet og et likeverdig tjenestetilbud, sikre samhandling og at tjenestetilbudet blir tilgjengelig for pasient og bruker, samt sikre at tilbudet er tilpasset den enkeltes behov, sikre at tjenestetilbudet tilrettelegges med respekt for den enkeltes integritet og verdighet og Bidra til at ressursene utnyttes best mulig.»

1.2. Ord og uttrykk

Tenestemottakar/ brukar – den som får tenester

Søkjjar – den som søker om tenester

Tenesteyter – den / dei som utfører tenester

IPLOS – Individuell pleie og omsorgsstatistikk, lovpålagt kartlegging av funksjon

Inntaksnemd – ei nemnd som sakshandsamar, vurderer og fattar vedtak gjeldande søknader på tenester innan institusjon, BUKollektiv, omsorgsbustader og andre kommunale bustader. .

I inntaksnemnda sit tilsynslegne ved institusjonen, avdelingsleiar HeimeBasert Omsorg (HBO), avdelingsleiar Vikevollen sjukeheim og fysioterapeut.

Helse og Omsorgsleiar leiar møtene i inntaksnemnda, og skriv under dei vedtak som vert fatta. Nemnda har vanlegvis møte tysdagar.

Vedtaksnemnd – ei nemnd som sakshandsamar, vurderer og fattar vedtak gjeldande søknader på tenester i HeimeBasert Omsorg.

I vedtaksnemnda sit avdelingsleiar HeimeBasert Omsorg og Helse og Omsorgsleiar. Helse og Omsorgsleiar skriv under dei vedtak som vert fatta. Nemnda har vanlegvis møte to gonger i månaden.

Omsorgstrappa:

Omsorgstrappa forutset at menneske som har trong for omsorgstenester ikkje er like. Den einkilde søkjjar må vurderast individuelt, og tenestetilbodet må tilpassast den einskilde. Trongen for hjelp og bistand vil for nokre vera relativt enkelt og lite , mens det for andre er trong for omfattande og samansette tenester. Tenestetilbodet må reflektere den einskilde sin trong for hjelp, og omsorgstrappa viser til ein samanheng der aukande trong for hjelp, vert møtt med eit aukande tenestetilbod.

Trinn 5

Heildøgns omsorg –LangtidsOpphald (Vikevollen)

Trinn 4

Ulike typar korttidsopphald i institusjon
BUKollektiv for heimebuande
Brukarstyrt personlig assistanse.

Trinn 3

Heimesjukepleie, praktisk bistand - heimehjelp

Trinn 2

Praktisk bistand og opplæring(ADL), støttekontakt / treningskontakt

Trinn 1

Tenester som tryggleiksalarm, tilrettelegging av bustad, tekniske hjelpemiddel eller middagsombringning.

BEON : Beste Effektive OmsorgsNivå

Det er Helse og Omsorgsleiar si plikt å sørge for at søkjarane vert vurderte individuelt, og tildelt tenester som den einskilde har trong for.

ADL: Aktivt DaglegLiv , her brukt som mål at alle skal ha eit så aktivt daglegliv som mogeleg.

HBO : HeimeBasert Omsorg

2.0 Sakshandsaming ved søknad om helse -og omsorgstjenester i Jondal kommune

2.1 Grunnlag for tildeling

Jondal kommune ynskjer å:

Sikre søkjar ei individuell og tverrfaglig vurdering av trongen for helse- og omsorgstenester

Tildele rett hjelp, til rett tid, på rett stad, i rett storleik, med mål om å støtte opp om den einskildte sine ressursar og evne til meistring i kvardagen, både i og utanfor heimen

Hjelpe tenestemottakar til å bu lengst mogeleg i eigen bustad

Tildele tenester i tråd med beste effektive omsorgsnivå (BEON), innafor gitte økonomiske rammer

2.2 Sakshandsaming i Jondal kommune

Søknad om helse – og omsorgstjenester skal handsamast etter aktuelle og til ei kvar tid gjeldande lover, reglar, forskrifter, politiske føringar og i samarbeid med søkjar

Søkjar må bu eller opphalde seg i kommunen.

Søknaden må vere signert av søkjar, eventuelt med fullmakt viss andre skal søke på vegne av søkjar.

Søknader vert handsama tverrfagleg.

Det vert tatt kontakt med søkjar for kartleggingsamtale seinast tre veker etter motteken signert søknad.

Det vert gjennomført IPLOS – kartlegging i samarbeid med søkjer / pårørande.

Trong for ytterligare kartlegging vert vurdert i kvart einskild tilfelle.

IPLOS informasjonsbrosjyre skal leverast alle søkjarar og gjennomgåast ved trong for dette.

All innsamling av data vert dokumentert og teken med i vurderinga av tenestetrongen.

Søknader og personlege opplysningar vert handsama konfidensielt, og er til ei kvar tid omfatta av teieplikta.

Søkjar / tenestemottakar skal i møte med helse- og omsorgstenestene få god informasjon om tenester, rettar og plikter, samt god service prega av ei tillitvekkjande framferd og imøtekomande personell.

Ved trong for naudsynt helsehjelp etter sjukehusinnlegging, eller akutt trong for naudsynt helsehjelp utan sjukehusinnlegging, vil helse og omsorgstenesta sørge for at naudsynt hjelp blir sett inn.

Vedtak om tenester vert evaluert jamleg, minimum ein gong i året. Ved endring i hjelpefrongeten skal tenestemottaker gje melding til tenesteyter.

2.3 Klage på einskildvedtak

Part eller annen med rettslig klageinteresse kan påklage einskildvedtak.

Klaga må vera skiftelig, og må innehalde kva vedtak som vert påklaga.

Klaga skal sendast Jondal kommune v/ Helse og OmsorgsEininga, og må settast fram før klagefristen går ut.

2.4 Generelle forventningar til sakshandsaminga

Det vert gjeven relevant informasjon om tenester innan helse- og omsorgstenesta.

Tieplikta vert overhalde.

Tenestemottaker vert møtt med respekt, og alle søknader vert handsama og tenester tildelt etter ei individuell og tverrfagleg medisinsk og pleiefagleg vurdering.

2.5 Forventningar til tenesteyter

Tenesteytar overheld til ei kvar tid tieplikta .

Tenestemottaker vert møtt med respekt.

Tenestene vert utført i samsvar med gjeldande vedtak.

Personalet har ikkje høve til å ta imot pengebeløp eller større gåver.

Tenesteyter har ansvar for at rutiner, prosedyrer og innhenting av samtykke vert førande for utføringa av tenestene.

Kommunen sine etiske retningsliner blir følgde.

2.6 Forventningar til tenestemottakar

Tenestemottakar gjev naudsynt informasjon, og samtykkjer til innhenting av relevante opplysningar for å vurdere og tildele rett teneste.

Tenestemottakar gjer seg kjent med innhaldet i vedtaket.

Viss du mottok hjelp i heimen, ligg fylgjande føringar til grunn for hjelpa du mottar: :

Er det husdyr i heimen, skal det/den sikrast slik at tenesteytar kan utføre arbeidet sitt på ein forsvarleg måte.

Røykjer du i heimen, må det sikrast god utlufting før tenesteytar kan utføre arbeidet sitt. Dette for å sikre eit forsvarleg arbeidsmiljø for tenesteytar.

Du må gje beskjed om det oppstår endringar i trongen for hjelp.

Det er ikkje høve til å kontakte tenesteyter i fritida.

Du må melde frå til tenesteyter eller leiar ved trong for informasjon, råd, rettleiing eller eventuelt klage.

Vegen fram til bustaden din må vere framkomeleg.

Gje tenesteytar tilgang til bustad, dersom det er trong for det.

Nøkkel til bustaden din kan oppbevarast i nøkkelboks ved bustaden din.

Lyset utanfor døra di må fungere, slik at tenesteytar kan finne fram.

Naudsynt tilrettelegging i bustaden kan blir aktuellt, og må aksepterast, t.d. hjelpemiddel og ommøblering i bustaden.

3.0 Tenesteoversikt

Her kan ein finne ei oversikt over dei vanlegaste helse- og omsorgstenestene som ein kommune kan yte. Tenestene strekkjer seg frå enkle førebyggjande tiltak, og til heildøgns omsorg i institusjon.

Fysio- og ergoterapi

Utlån av hjelpemiddel

Lindrande behandling gjennom ressursjukepleiar i Eininga.

Demensomsorg gjennom demensteam i Eininga

Tryggleiksalarm

Middagsombringning

Praktisk bistand –heimehjelp (reingjering i heimen)

Avlastning utanfor institusjon – gjeld i fyrste omgong born

Dag- og fritidstilbod (dagsenter, støtte- / treningskontakt)

Omsorgsløn

Praktisk bistand og opplæring – ADL (aktivt daglig liv)

Brukarstyrt personleg assistanse (BPA)

Helsetenester i og utanfor heim (somatisk og psykiatrisk sjukepleie)

Omsorgsbustader i Jondal sentrum og i Herand

Bukollektiv for heimebuande eldre

Opphald i institusjon:

Kortidsopphald - ymse typar

Avlastningsopphald

Dagopphald / Nattopphald

Langtidsopphald

Dei fleste tenestene over er omtalt seinare i dette dokumentet.

4.0 Individuell plan

Informasjon om Individuell plan finn du under Rehabiliteringsplan, Jondal kommune.

5.0 Tryggleiksalarm

5.1 Lovgrunnlag

Tryggleiksalarm er ikkje ei lovpålagt teneste, men kan i einstilte høve bli vurdert til å vere rett teneste for å oppnå forsvarleg helsehjelp.

5.2 Målsetting

Tryggleiksalarm skal vere til hjelp slik at brukar kan bu i eigen bustad så lenge som mogeleg. Alarmen er ein enkel måte å få kontakt med omsorgstenesta eller pårørande; for å få naudsynt hjelp dersom det oppstår ein akutt situasjon.

5.3 Kriterier for tildeling av tryggleiksalarm

Søklar må:

Kunne forstå og handtere tryggleiksalarmen, og vere i stand til å vurdere kva som er ein akutt situasjon.

Ha redusert rørsleevne med fare for fall-ulykker.

Andre moment som vert vektlagt:

Einslege vert prioritert, men for søklarar i ein familiesituasjon skal totalsituasjonen vektleggast

Før tildeling av tryggleiksalarm vert det vurdert om søkjer kan nyttiggjere seg andre hjelpemiddel til varsling, slik som mobiltelefon / trådløs telefon eller andre tryggleikstiltak.

Vurdere om søklar har medisinsk-teknisk utstyr som kan svikte, og som kan føre til akutt trong for hjelp.

5.4 Praktiske opplysningar ved leige av tryggleiksalarm

Alarmen vert knytt opp til analog telefonlinje som brukar sjølv må koste.

Alarmen er knytt til alarmsentralen på Vikevollen heile døgnet.

Tenestemottakar må betale månadsabonnement for leige av tryggleiksalarm, viser til gebyrheftet for gjeldande år.

Jondal kommune tek atterhald om retten til å inndra tryggleiksalarmar som ikkje vert brukt i tråd med tildelingskriteria.

Tenestemottakar må syte for framkomeleg veg til bustaden.

Tenestemottakar må gje løyve til at nøkkelboks vert montert ved inngangsdør, og betale for oppsett av nøkkelboks, viser til gebyrheftet for gjeldande år.

Det er ein månads oppseiingstid på tryggleiksalarm.

Tryggleiksalarm er ei betalingsteneste med eigenandel som er fastsatt av kommunestyret i Jondal kommune.

Tenestemottakar må sjølv betale for skade på eller tap av utstyr som skuldast aktløyse.

Dersom det er trong for ekstra knapp til alarmen, kan husstanden få dette utan ekstra kostnad.

Vedlikehald og reparasjonar som fylgje av vanlig bruk vert dekkja gjennom abonnementet.

5.5 Kvalitetskrav til tenesteytar

Tenesteytar må gje opplæring i bruk av alarmen.

Det skal ytast hjelp så raskt som mogeleg etter at alarm er utløyst.

Testing av alarm skal gjerast i samsvar med gjeldande rutine

5.6 Forventningar til tenestemottakar

Alarmen skal berre nyttas ved akutte situasjonar.

Tenestemottakar må ha alarmknappen på seg heile døgnet.

Tenestemottakar må gje melding til HBO ved langvarig fråvær i eigen bustad.

Alarmen må handsamast forsvarleg.

6.0 Middagsombringning

6.1 Lovgrunnlag

Middagsombringning er ikkje ei lovpålagt teneste, men kan i einsskilde tilfelle bli vurdert til å vere rett teneste for å oppnå forsvarleg helsehjelp.

6.2 Målsetning

Tenesta skal vere til hjelp for å dekkje ernæringstrongen til innbyggjarar som av ulike årsaker ikkje er i stand til å dekke denne trongen sjølv.

6.3 Kriterier for tildeling

Søker må:

vere ute av stand til å ivareta sitt eige ernæringsbehov.

forplikte seg til faste leveringsdagar.

6.4 Praktiske opplysningar om middagsombringning

Tenesta er eit månadsabonnement, og gjeld utlevering av varm middag på kvardagar.

Diettmat vert levert dersom det er medisinske årsaker til det.

Pris pr. porsjon vert vedteke årleg av kommunestyret.

Faktura vert sendt ut på etterskot etter kvar månad.

Det vert levert ein porsjonsstorleik på to rettar; anten middag og dessert eller middag og suppe.

Det vert fakturert for middag som ikkje er avbestilt innan fristen.

Det er ikkje høve til å avtale kjøp av middagar frå veke til veke, brukar må forplikte seg til fast avtale om levering.

6.5 Forventningar til tenesteyter

Middag vert levert i samsvar med vedtak.

6.6 Forventningar til tenestemottakar

Avbestilling må skje seinast kl. 14.00, dagen før levering, beskjed vert å gje HBO.

Tenestemottakar må sjølv vere tilstades ved levering, eller syte for at nokon tek i mot maten.

7.0 Praktisk bistand – (heimehjelp)

7.1 Lovgrunnlag

Heimehjelp er ei lovpålagt teneste heimla i Helse og omsorgstenestelova § 3-2 punkt 6, bokstav b.

7.2 Målsetting heimehjelp

Yte hjelp til praktiske gjeremål i tenestemottakar sin heim.

7.3 Kriterier for tildeling

Søkjjer må , grunna sjukdom eller nedsett helse ha vanskar med å ivareta naudsynt stell av eigen bustad. Søkjjar må ha fast adresse i kommunen.

Personar som bur åleine vert prioritert framfor søkjjarar som bur i lag med funksjonsfrisk ektefelle/sambuar

7.4 Praktiske opplysningar

Heimehjelp er eit månadsabonnement regulert i «Forkrift om eigenbetaling for kommunale helse- og omsorgstenester.» Satsar for eigenbetaling vert vedteke av kommunestyret kvart år, utanom det som er statens maksprisar

I vedtaket vert det skildra innhald og tidsbruk for tildelt heimehjelp.

Naudsynt utstyr til vask og reingjering, inkl. vaskemiddel, må vere tilgjengelig.

Heimehjelp vert ikkje utført på helg og høgtidsdagar.

7.5 Tenesta sitt innhald

Reinhald:

Alminnelig reingjering av rom som er i dagleg bruk; golvvask, støvsuging og vask av bad/WC.

Bruksareal og storleiken på bustaden vert vurdert ved tildeling av timar heimehjelp pr.veke.

Hjelp til vask av kle i vaskemaskin – normalt kvar 14.dag.

Skifte av sengkle – kvar 2.til 3.veke.

Vindusvask berre i særskilde tilfelle; då berre i byte med anna hjelp.

Tenesta vert utmålt etter fagleg vurdering; standard er 1.5 time anna kvar veke, medan minsteutmåling er på 1 time kvar 3.veke.

7.6 Oppgåver som heimehjelp ikkje inkluderer

Stryking av klede

Reingjering av område over «skulderhøgde» eller av rom som ikkje er i bruk

Opplæring til hushald

Hagearbeid

Nedvask

Baking

Rydding og vasking etter friske pårørande eller besøkjande

Hjelp til kjæledyrhald

Frakting av boss til bossfylling

Gjere i stand til høgtider

Flytting av møblar

7.7 Forventningar til tenesteytar

Tenestemottakar får så få tenesteytarar som mogeleg å forhalda seg til.

Tenestene vert gitt til avtalt dag.

Dersom tenesteytar er hindra frå å møte til avtalt tid, må dette meldast til tenestemottakar snarast mogeleg.

Dersom hjelpa unntaksvis ikkje vert gjeven til avtalt dag, vil tenestemottakar få tilbod om anna dag dersom kapasitet i tenesta tillèt dette.

Tenesteytar skal ikkje handtere tenestemottakar sine bankkort eller kontantar.

7.8 Forventningar til tenestemottakar

Tenestemottakar skal utføre mest mogelig sjølv.

Om ikkje anna er avtalt skal tenestemottakar sjølv vere til stades når tenestytar utfører praktisk bistand.

Gje beskjed seinast 1 veke på førehand dersom det er ynskje om å avlyse tenesta ein aktuell dag eller byte dag. Ved akutte situasjonar må ein gje beskjed så fort som råd.

Heimen skal vere lagt til rette for at heimehjelparen får ein god arbeidsplass.

8.0 Praktisk bistand og opplæring

8.1 Lovgrunnlag

Personleg assistent, her under praktisk bistand, opplæring og støttekontakt er heimla i helse- og omsorgstenesteloven §3-2 punkt 6, bokstav b.

8.2 Målsetning med praktisk bistand og opplæring

Bidra til å gje tenestemottakar med samansette hjelpebehov gode levevilkår og livskvalitet.

Tenesta skal kompensere for nedsett evne til eigenomsorg.

Tenesta skal bidra til at tenestemottakar vert mest mogeleg sjølvhjulpen i dagleglivet.

8.3 Kriterier for tildeling

Søkjers må grunna fysisk eller psykisk funksjonshemming ha ein særleg stor hjelpetrong, der det også er naudsynt med tilrettelegging i dagleglivet.

Det må foreligge helseopplysnar som tilseier at søker ikkje har tilstrekkelig grad av eigenomsorg, eller er heilt avhengig av praktisk eller personleg hjelp i dagleglivet.

8.4 Praktiske opplysningar

Basisen i arbeidet er opplæring og målretta miljøarbeid – hjelp til sjølvhjelp.

Tenesta vektlegg aktiv brukarmedverknad, sjølvstendiggjering og deltaking.

Det er inga eigenbetaling for praktisk bistand og opplæring.

8.5 Tenesta sitt innhald

Tenesta omfattar hjelp til eigenomsorg, hjelp til personleg stell og personretta praktisk bistand. Døme på dette kan vere:

Påminning, motivering og rettleiing i daglig reinhald og stell av bustad.

Motivering, rettleiing og hjelp til sosiale aktivitetar.

Anna:

Planlegging av daglege gjeremål ved bruk av for eksempel dags- eller vekeplan.

Økonomistyring; hjelp til å søkje om å få oppnemnt verje.

Opplæring i sosiale ferdigheter – nettverksbygging.

Hjelp til å kome i gang med arbeid, dag-tilbod og fritidsaktivitetar.

Bu trening.

Opplæring i daglege aktivitetar / gjeremål.

8.6 Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer

Overta oppgåver tenestemottakar kan gjere sjølv.

Praktisk hjelp til reingjering av heimen som ikkje er knytt til opplæring, er å sjå på som heimehjelpsrelaterte oppgåver, og dei kommunale satsane for heimehjelpstenester vert då gjeldande.

8.7 Forventningar til tenesteytar

Tenestemottakar får færrest moglege tenesteytarar.

Tenesta vert gitt til avtalt dag, og tidspunktet vert sett i samråd med tenestemottakar.

Tenesta vert gitt i samarbeid med tenestemottakar

8.8 Forventningar til tenestemottakar

Vere aktiv deltakar i eige liv.

9.0 Støttekontakt og treningskontakt

9.1 Lovgrunnlag

Personleg assistanse, herunder praktisk bistand, opplæring og støttekontakt er heimla i helse og omsorgstenestelova § 3-2 punkt 6 bokstav b.

9.2 Målsetting

Tenesta skal bidra til ei meningsfull fritid og samvær med andre, samt legge til rette for at tenestemottakar kan danne sosiale nettverk

Bidra til at tenestemottakar vert tryggare på seg sjølv, for i større grad å kunne meistre ulike livssituasjonar

Gje hjelp til deltaking i ulike fritidsaktivitetar

Bidra til å bryte eller hindre sosial isolasjon og einsemd

9.3 Kriterier for tildeling

Søkjer har trong for hjelp og støtte til å meistre ulike fritidsaktivitetar, eller søkjar har lite sosialt nettverk.

9.4 Praktisk informasjon

Tenesta vert ytt individuelt eller i grupper.

Støttekontakt omhandlar hjelp til fritidsaktiviteter.

Treningskontakt er hjelp til å kome i fysisk aktivitet.

Det er ingen eigenbetaling for tilbod om støtte- eller treningskontakt.

Det kan vere aktuelt å krevje at tenestemottakar søkjer om ordning med fylgjekort.

9.5 Forventningar til tenesteytar

Tenesta vert gjeven slik det går fram av vedtak og kontrakt.

Tenesteytar melder frå til leiar for HeimeBasert Omsorg dersom tiltaket ikkje når målsetjinga.

Tenesteytar gjev melding til tenestemottakar når ein ikkje kan møte til avtalen.

9.6 Forventningar til tenestemottakar

Tenestemottakar må sette seg inn i innhaldet i vedtaket.

Må vere aktiv deltakar i tiltaket.

Gjev melding til tenesteytar når ein ikkje kan møte til avtaler.

10.0 Brukarstyrt personleg assistanse (BPA)

10.1 Lovgrunnlag

Brukarstyrt personleg assistanse er heimla i Helse- og omsorgstenestelova § 3-8, jfr. § 3-2 punkt 6, bokstav b.

10.2 Målsetting

Bidra til størst grad av likeverd, likestilling og samfunnsdeltaking for personar med nedsett funksjonsvane.

10.3 Kriterier for tildeling

For å gjere seg nytte av ordninga med BPA må ein ha trong for tenesta personleg assistanse (derunder praktisk bistand og opplæring),

Tenesta er ikkje knytt opp til bestemte aldersgrupper, funksjonsnedsettingar eller diagnoser.

Det er ikkje satt nokon nedre grense for bistandstrongen.

Det skal leggast stor vekt på den ein skilde sin trong for bistad, slik at hjelpa kan bidra til eit meir aktivt og uavhengig liv.

Søkjjar må vere under 67 år for å få tildelt BPA – (er pr.d.d. under revisjon - kan bli endra).

Kommunen må gjere ei heilskapleg og individuell vurdering av kva hjelp som er mest hensiktsmessig for å dekke hjelpetrongen.

Ordninga omfattar ikkje helsetenester.

Brukar eller annan som kommunen godkjenner må ha evne og dugleik til å kunne ta på seg rolla som arbeidsleiar.

Som hovudregel vert rolla som arbeidsleiar ikkje løna.

10.4 Praktiske opplysningar

Kommunen er framleis ansvarleg for kvaliteten i tenestene, og i kvar einskild sak kan det bli aktuelt å opprette ei ordning med tilsyn.

10.5 Forventningar til sakshandsamar / tenesteytar

Tenesta vert vurdert saman med og / eller i staden for anna tenestetilbod.

Kommunen vil bistå med utlysing for å skaffe personlege assistentar.

10.6 Forventningar til tenestemottakar

Tenestemottakar eller anna medhjelpar tek på seg ansvaret som arbeidsleiar, og har på denne måten ansvar for organisering og administrering av tenesta innanfor vedtaket sine rammar.

11.0 Helsetenester i heimen (somatisk og psykisk)

11.1 Lovgrunnlag

Helsetenester i heimen er heimla i Helse- og omsorgstenestelova §§ 3-1 og 3-2 punkt 6, bokstav a og omfattar ulike helsetenester som vert gjevne i heimen (herunder sjukepleie og psykisk helseteneste).

11.2 Målsetting

Brukar skal kunne klare seg i eigen bustad med naudsynt helsehjelp.

Ved kort-eller langvarig funksjonssvikt vert grunnleggjande behov for helsetenester ivareteke.

Trongen for opphald i institusjon vert unngått eller utsett.

11.3 Kriterier for tildeling

Helsetenester i heimen vert tildelt dei som oppheld seg i kommunen og som fyller kriteriane for å motta naudsynte helse- og omsorgstenester.

Tenesta vert tildelt for å hjelpe den som av fysisk og/eller psykiske årsaker ikkje kan ivareta eigen livssituasjon eller helse på ein forsvarleg måte.

11.4 Praktisk informasjon om heimesjukepleie

Alle som mottek helsetenester i heimen minst 1 gong i månaden over ein periode på meir enn 3 månader har rett på fri tannbehandling frå offentleg tannklinikk.

Det vert ikkje kravd eigenbetaling for heimesjukepleie.

Skulle det oppstår akutte situasjonar i tenesta, kan einskildoppdrag bli utsett eller verta avlyst.

11.5 Tenesta sitt innhald

11.5.1 Personleg stell og omsorg

Tenestemottakar får hjelp til å stå opp, leggje seg og ivareta personleg hygiene

Tenestemottakar får hjelp til dusj og hårvask. Ved dusj vert det ytt hjelp til å klippe negler ; medan stell av «vanskelige» negler må skje hos fotpleier.

Tenestemottakar vil få opplæring i bruk av inkontinensutstyr, stell av stomi, kateterisering og stell av urinkateter.

11.5.2 Ernæring

Tenestemottakar kan få tilbod om tilrettelegging / smørjing av brødmatt.

Tenestemottakar kan få hjelp til oppvarming av ferdiglaga middagsmat.

Middagsombringning – sjå annan stad i dokumentet

Tenestemottakar kan få hjelp til å bestille matvarer frå butikk, samt hjelp til å bringe varene heim.

Det kan bli gjennomført ei kartlegging av ernæringsrisiko, og tilby oppfølging knytt til dette.

11.5.3 Tilsyn

Som hovudregel blir det ikkje ytt tilsyn. Eventuelt tilsyn i form av besøk eller pr. telefon skal ha ei konkret hensikt og vera fagleg grunngjeve.

11.5.4 Administrering av medikament

Dette skjer etter ordinasjon av lege.

Dette vert hovudsakleg organisert ved bruk av multidosesystem frå apotek.

HeimeBasert Omsorg er ansvarleg for utdeling og administrering etter vedtak.

11.5.5 Stell av sår

Dette skjer etter avtale med lege, som har ansvar for prosedyren. Stell av sår i heimen vert utført etter faglege vurderingar, og kun viss tenestemottakar ikkje sjølv kan komme seg til legekantoret

11.5.6 Prøvetaking, undersøkingar, injeksjonar og liknande i heimen

Dette vert utført etter avtale med lege

Måling av blodtrykk, puls og blodsukker er undersøkingar som vert gjort som ledd i ein observasjon. Dette skal grunngjevast fagleg og vere avgrensa i tid – elles skal det utførast på legekantoret.

Tenester som søkjar kan få andre stader, vil ikkje bli tildelt.

11.5.7 Psykiatriske helsetenester

Brukarar med psykiske lidningar kan få tilbod om psykiatriske tenester etter individuelle behov.

11.5.8 Omsorg ved livets slutt

Det blir lagt til rette for at tenestemottakar som ønskjer det, kan få døy i eigen heim. Alternativet til dette er palliativ korttids plass ved Vikevollen.

I desse tilfella vert dette vektlagt:

Best mogeleg pleie og stell gjennom færrast mogeleg hjelpaparar.

Ynskjer og behov skal så langt som mogeleg bli ivaretatt.

Sikre at pårørande får naudsynt hjelp og støtte.

Det er avklåra samhandling med fastlege / spesialisthelsetenesta.

11.5.9 Oppgåver som ikkje inngår i helsetenester i heimen

Søkjarar som treng akutt medisinsk /kirurgisk og psykiatrisk behandling, skal bli vist til spesialisthelsetenesta.

Det kan ikkje innvilgast fylgje til lege og korttidsopphald i sjukeheim.

Skyss/transport i bil inngår ikkje i tenesteytar sine oppgåver.

Handling av matvarer – viser til anna stad i dokumentet.

Prøvetaking, undersøkingar , injeksjonar og lignande som blir tilbydd ved legesenter er ikkje tenesteytar sine oppgåver

11.6 Andre lågterskel-tilbod til heimebuande

11.6.1 Palliativ sjukepleiar

Skal vere til hjelp med å koordinere og legge kvardagen til rette for kreftsjuke og pårørande på ein best mogeleg måte.

Skal vere ansvarleg for å samordna tilboda og tenestene rundt kreftpasientane i kommunen.

Skal vere lett tilgjengeleg for pasientar og pårørande, samt bidra til gode rutinar og system for kreftomsorg i kommunen.

11.6.2 Demensteam

Demensteamet består sjukepleiarar og fagarbeidar som kan utføre kartlegging og utgreiing av personar med mistanke om utvikling av demenssjukdom.

Arbeidet skjer i samarbeid med fastlege.

Demensteamet tilbyr oppfølging av personar med demenssjukdom, samt samarbeid og rettleiing av pårørande.

Det vert arrangert « Pårørandeskule» i Odda via Frisklivsentralen.

Demensteam vil ha som mål at alle pårørande til personar med demenssjukdom i Jondal får informasjon om dette.

Teamet kan tilby undervisning og rettleiing av andre helsearbeidarar.

12.0 Dag – og aktivitetstilbod

12.1 Lovgrunnlag

Dette er ikkje ei lovpålagt teneste, men tenesta inngår som ein viktig del av Jondal kommune sitt tenestetilbod. Ved nokre høve kan tenesta bli vurdert som avlastningstiltak etter Helse- og omsorgstenesteloven §3-2 punkt 6, bokstav d.

12.2 Om kommunen sitt dagtilbod

Det er dagsenter for personer med psykiske utfordringar to dagar i veka.

2.3 Kriterier for tildeling av dagtilbod

Tenestemottakar må ha trong for å auke sin fysiske, psykiske og sosiale eigenomsorg.

Tenestemottakar må ha trong for rettleiing/trening/aktivisering og halde vedlike funksjonar.

Tenestemottakar er heimebuande.

Tenestemottakar må kunne nyttiggjere seg tilbodet på ein slik måte at aktivitetane bidreg til at funksjonsnivået vert oppretthalde.

12.4 Praktisk informasjon

Dagsenter for personer med psykisk sjukdom foregår to dagar i veka i Brekke.

Transport til og frå dagsenter kan inngår i tenesta, men eigenandel kan verta kravd.

Det blir kravd eigenbetaling for middag på dagsenteret; fastsett etter kommunale satsar.

Aktivitetstilbod på dagsenter, som t.d.bowling, blir det kravd eigenbetaling for, etter kommunale satsar.

12.5 Forventningar til tenesteyter

Tenestemottakarane blir møtt med respekt, på det nivået dei er.

Tilbodet vert tilrettelagt slik at den eiskilde kjenner meistring i dei arbeidsoppgåvene dei utfører.

Det er ein open dialog og eit tett samarbeid om utforming av tenesta til tenestemottakarane.

12.6 Forventningar til tenestemottakar

Deltaking i eige tilbod.

Oppmøte etter avtale.

Gje melding dersom ein ikkje kan møte opp.

13.0 Omsorgsbustad

13.1 Lovgrunnlag

Tildeling av omsorgsbustader vert gitt etter kommunale retningslinjer.

13.2 Målsetning

Omsorgsbustader er fysisk tilrettelagde bustader med livsløpsstandard. Formålet med omsorgsbustader er å kunne gje eit husvære til bebuarar med nedsett funksjonsevne, slik at desse kan ha eit mest mogeleg sjølvstendig liv.

13.3 Kriterier for tildeling av omsorgsbustad

Søkjjar må vere over 18 år, og vere folkeregistrert i Jondal kommune.

Søkjjar må ha ein helsesvikt og/eller er fysisk eller psykisk funksjonshemma.

Søkjjar sin noverande bustad er lite funksjonell, og gjev lite rom for utnytting av søkjar sine ressursar til eigenomsorg. Noverande bustad kan i liten grad tilpassast og tilretteleggjast.

Tildeling av omsorgsbustad kan hindre eller utsetje trong for institusjonsopphald, og gje søkjar auka sjølvstende i eigen kvardag.

13.4 Praktisk informasjon

Leigeforholdet vert regulert av Husleigelova.

Leigeavtale vert inngått med Jondal kommune.

Leigetakar kan søke bustøtte.

13.4 Forventningar til søkjar

Jondal kommune forventar at søkjar har vurdert naudsynte utbetringar av eigen bustad før søknad vert sendt til kommunen.

14.0 Omsorgstønad

14.1 Lovgrunnlag

Omsorgsløn er heimla i Helse- og omsorgstenestelova §3-6 og er ei yting til pårørande eller andre frivillige som har eit særleg tyngjande omsorgsarbeid. Kommunane er pålagd å ha omsorgsløn som ordning, men den er ikkje ein individuell rett for innbyggerane

14.2 Målsetning

Gje påskjøning for privat, særleg tyngjande omsorgsarbeid.

14.3 Kriterier for tildeling

Det må liggja føre eit særleg tyngjande omsorgsarbeid.

For barn må omsorga klart overstige vanlig omsorg for barn på same alder.

Inntektstap gjev ikkje automatisk rett på omsorgsløn.

Den hjelpetrengjande må støtte omsorgsgjevar sin søknad om omsorgsløn.

Den hjelpetrengjande må vera heimebuande.

Det må vere søkt om hjelpestønad frå NAV.

Den omsorgstrengjande må ha eit dokumentert hjelpebehov på grunn av sjukdom, alder, funksjonshemming eller andre årsaker.

Det er ein føresetnad at søkjar utfører omsorgsarbeid som elles ville høyre inn under helse- eller omsorgstenesta i kommunen.

For at omsorgsløn skal tildelast, må både kommunen og den som har trong for tenestene vurdere omsorgsytar si omsorgsevne som mest tenleg og naudsynt.

Omsorgsløn må vurderast opp mot andre tenester og tiltak som kan avlaste omsorgsgjevar i det tyngjande omsorgsarbeidet.

14.4 Praktiske opplysningar

Det vil bli utarbeidd oppdragskontrakt med vilkår for arbeidet med omsorgsytar.

Omsorgsløn vert utbetalt i 12 månader og gjev difor ikkje rett til feriepengar.

Omsorgsløn vert utbetalt etter ei kvar tid gjeldande lønsplassering/timeløn for assistentar i Jondal kommune.

Omsorgsløn er skattepliktig inntekt.

Tilkjend hjelpestønad og andre hjelpetiltak kjem til fråtrekk ved utmåling

Ved midlertidig opphøyr i omsorgsytting, eksempelvis grunna sjukehusopphald, vert utbetalinga stoppa.

Søkjar eller den hjelpetrengande sjølv, kan vera omsorgsytar.

14.5 Forventningar til tenesteytar

Sette seg inn i oppdragskontrakt.

Sette seg inn i vedtak om omsorgsløn.

Gje melding om endring i hjelpebehov.

Gje melding om tenestemottakar er innlagt i spesialisthelsetenesta eller anna institusjon.

15.0 Avlastning i og utanfor institusjon (barn)

15.1 Lovgrunnlag

Avlastning er lovpålagt med heimel i Helse- og omsorgstenesteloven § 3-2 punkt 6, bokstav d.

15.2 Målsetting

Omsorgsyter får avlastning slik at omsorga for barnet fortsatt kan takast hand om i heimen.

15.3 Kriterier for tildeling

Personar og familiar som har eit særleg tyngande omsorgsarbeid.

Omsorgstrongen er av ein slik karakter at det gir avgrensa høve til naudsynt og regelmessig ferie og fritid for omsorgsytar.

Omsorgstrongen kan vere av fysisk, psykisk eller sosial karakter og medføre større trong for hjelp enn det som normalt er forventa i høve alder.

Barnet må ha ein omfattande og varig trong for omsorg, som i hovudsak vert teke hand om av privat omsorgsgjevar.

15.4 Praktisk informasjon

Avlastning kan vere på dagtid, kveld eller natt, samt på timebasis i og utanfor institusjon.

Avlastning vert vurdert opp mot andre tenester og tiltak som kan avlaste omsorgsgjevar i det tyngande omsorgsarbeidet.

Avlastningstilbodet vert ikkje ytt høgtidsdagar.

Avlastning på dagar skule og barnehage er stengt må søkjast om spesielt.

Tenestemottakar må ha med seg naudsynt personleg utstyr, medisinar og hjelpemiddel til avlastning.

Dersom tenestemottakar har fått stønad til bil frå NAV, vert det som hovudregel forventa at denne fylgjer med på avlastningstilbodet.

Tenestemottakar er ansvarleg for transport til og frå avlastning.

Det er inga eigenbetaling for avlastning .

15.5 Forventningar til tenesteytar

Det er utarbeidd tidsfesta plan for avlastninga.

Det er utpeika kontaktperson eller primærkontakt til tenestemottakar.

15.6 Forventningar til tenestemottakar/føresette

Gjer seg kjend med innhaldet i vedtaket.

Sørgjer for transport til og frå avlastning, inkludert transport av naudsynt utstyr.

16.0 Avlastning i institusjon (Vikevollen)

16.1 Lovgrunnlag

Avlastning er lovpålagt med heimel i Helse- og omsorgstenesteloven § 3-2 punkt 6, bokstav d.

16.2 Målsetning

Omsorgstrengjande som bur heime kan få tidsavgrensa opphald i institusjon, slik at dei som har den daglege omsorga kan få avlastning.

16.3 Kriterier for tildeling

Personar og familiar som har eit særleg tyngjande omsorgsarbeid.

Omsorgstrongen er av ein slik karakter at den omsorgstrengande ikkje kan vere åleine heile, eller delar av døgnet (slik at omsorgsytar i avgrensa grad får høve til regelmessig ferie og fritid.

Omsorgstrongen kan vere av fysisk, psykisk eller sosial art og medfører ei omfattande omsorgsbør for omsorgsytar.

16.4 Praktisk informasjon

Opphaldet er tidsavgrensa.

Det er ikkje eigenbetaling for avlastningsopphald.

Brukar må sjølv betale for aktivitetar som ikkje skjer i regi av institusjon.

Tilbodet inneheld ikkje utgreiing, behandling og rehabilitering.

Den som tek imot avlastning må ha med seg nødvendig personleg utstyr, medisin og hjelpemiddel.

16.5 Forventningar til tenestemottakar/pårørande

Den einskilde tenestemottakar utfører sjølv det han/ho meistrar.

Sørgjer for at private klede er merka med namn.

Tenestemottakar er ansvarleg for transport til og frå avlastningsopphaldet.

17.0 Korttidsopphald i institusjon (Vikevollen)

17.1 Lovgrunnlag

Korttidsopphald i institusjon er lovpålagt med heimel i Helse- og omsorgstenestelova §3-2 punkt 6, bokstav c.

17.2 Målsetting

Gje tilbod om heildøgns pleie- og omsorg i institusjon i ein tidsavgrensa periode.

Føremålet med opphaldet kan vere å kartlegge, observere og / eller rehabilitering tenestemottakar sitt funksjonsnivå og evne til eigenomsorg, samt å vurdere trong for, og bidra til gode, framtidige tenester for at tenestemottakar skal kunne halde fram med å bu i eigen bustad.

17.3 Kriterier for tildeling av tenesta

Tenestemottakar har i ein tidsavgrensa periode trong for døgnkontinuerlig opphald for observasjon, vurdering, behandling eller omsorg ved livets slutt.

Ved trong for observasjon og vurdering må det fyrst avklarast med lege om trongen er av ein slik art at naudsynt helsehjelp må ytast av spesialisthelsetenesta.

17.4 Praktisk informasjon

Det blir kravd eigenbetaling pr. døgn fastsett i forskrift.

Eigenbetaling dekkjer kost, losji og legemiddel under opphaldet.

Forlenging av korttids plass og eventuelt endring til langtidsopphald blir kontinuerlig vurdert under opphaldet.

Den som tek imot korttidsopphald må ha med seg naudsynt personleg utstyr og hjelpemiddel.

17.5 Forventningar til tenesteyter

Legge til rette for at tenestemottakar får pleie og omsorg som støttar opp under eigenomsorg og egne ressursar.

Set seg inn i vedtaket og arbeidar etter målsetting for opphaldet.

17.6 Forventningar til tenestemottakar / pårørande

Den einskilde tenestemottakar utfører sjølv det han/ho meistrar.

Sørgje for at private klede er merka med namn.

Tenestemottakar er ansvarleg for transport til og frå korttidsopphaldet.

18.0 Rehabilitering i institusjon (Vikevollen)

18.1 Lovgrunnlag

Rett til rehabilitering for den einskilde er heimla i helse og omsorgstenestelova §3-2 punkt 5.

18.2 Målsetting

Gje tilbod om rehabilitering til tenestemottakarar som får nedsett funksjonstap som fylgje av sjukdom eller skade.

Rehabilitering i institusjon vert nytta i ein avgrensa periode, med formål å sette tenestemottakar i stand til å få attende funksjonsnivå og evne til eigenomsorg.

Brukar skal kunne reise heim etter avslutta rehabiliteringsopphald.

18.3 Kriterier for tildeling av tenesta

For å ha rett til rehabilitering i institusjon må tenestemottakar ha trong for tidsavgrensa rehabilitering, og trongen må vere slik at tenesta av praktiske grunnar ikkje kan ytast i heimen til tenestemottakar.

Tenestemottakar må vere motivert eller kunne motiverast for rehabilitering, og må vere i stand til å yte eigeninnsats og brukarmedverknad i rehabiliteringsprosessen.

Tenestemottakar må vere tilstrekkelig medisinsk utgreidd.

18.4 Praktisk informasjon

Det vert ytt tverrfagleg oppfølging frå helsefagarbeider, sjukepleier, fysioterapeut og lege. Tilsynslegen ved sjukeheimen kan henvise til fysioterapeut og spesialisthelsetenesta ved trong for dette.

Den som tek imot rehabiliteringsopphald må ha med seg nødvendig personleg utstyr, medisin og hjelpemiddel.

18.5 Forventningar til tenestytar

Utforme målsetting med opphaldet i samarbeid med brukar og pårørande.

Legge til rette for at tenestemottakar får nytte og trene opp sine egne ressursar slik at han / ho kan reisa heim til eigen bustad etter opphaldet.

Tenestemottakar får tilbod om individuell oppfølging av fysioterapeut, knytt til kartlegging og trening i daglege aktivitetar.

Avdelingssjukepleiar har ansvar for oppfølging av rutinar under opphaldet.

Tilsynslegen vurderer brukar ved innkomst, og gjev oppfølging og tilsyn gjennom opphaldet.

18.6 Forventningar til tenestemottakar/pårørande

Den einskilde tenestemottakar utfører sjølv det han/ho meistrar.

Sørgjer for at private klede er merka med namn.

Tenestemottakar kan vere ansvarleg for transport til og frå rehabiliteringsopphaldet.

19.0 Langtidsopphald i institusjon (Vikevollen)

19.1 Lovgrunnlag

Langtidsopphald i sjukeheim er heimla i Helse- og omsorgstenestelova §3-2 punkt 6, bokstav c.

19.2 Målsetting

Opphaldet skal ivareta trongen for heildøgns pleie og omsorg.

19.3 Kriterier for tildeling av tenesta

Tenestemottakar må ha ein omfattande og døgntinuerlig trong for pleie og omsorg, der trongen for hjelp ikkje kan gjevast i tilstrekkelig grad i eigen heim eller i anna tilrettelagt bustad.

Andre aktuelle tenester har vore vurdert og/eller prøvd ut, utan at desse i tilstrekkelig grad har kunne dekke tenestemottakar sin trong for helsetenester.

Når ein søker fyller kriterier for langtidsopphald skal han/ ho innvilast plass og motta vedtak. Dersom det for tida ikkje er ledig plass skal søker settast på ei venteliste.

19.4 Praktisk informasjon

Eigenbetaling for langtidsopphald er fastsett i eiga nasjonal forskrift.

Tenesta vert tildelt for ein lengre tidsperiode, men vedtak om langtidsopphald i institusjon kan i visse tilfelle omgjerast, dersom tenestemottakar si helse og funksjonsnivå endrar seg på ein slik måte at tenesta ikkje lenger vert vurdert som naudsynt.

Tenestemottakar får tilbod om å delta på aktivitetar ved institusjonen.

Tenestemottakar med vedtak om langtidsopphald i institusjon har rett på fri tannbehandling ved offentleg tannklinikk.

Intern flytting mellom dei ulike gruppene på insititusjonen må kunne forventast – ein tenestemottakar eig ein plass på insititusjonen, men ikkje eit definert rom på Vikevollen.

Som hovudregel er det tenestemottakar, pårørande eller verge som skal melde flytting til Folkeregisteret.

Det vil bli halde ein samtale med tenestemottakar og pårørande om innhaldet i vedtaket, samt praktiske opplysningar om t.d. betaling for langtidsopphald, innan ein månad etter innflytting på institusjonen.

19.5 Forventningar til tenesteytar

Yte grunnleggande helsetenester i omgjevnader som er så like ein vanleg heim som mogeleg.

19.6 Forventningar til tenestemottakar/pårørande

Den einskilde tenestemottakar utfører sjølv det han/ho meistrar.

Sørgje for at private klede vert merka med namn.

Møblering utover standard utrusting er bebuar /påførende ansvarlig for.

20.0 Bukollektiv for heimebuande ved Vikevollen sjukeheim

20.1 Lovgrunnlag

Tildeling av plass i Bukollektivet ved Vikevollen sjukeheim vert gitt etter kommunale retningslinjer

20.2 Målsetning

Bukollektivet er tilrettelagde bu-einingar med livsløpstandard. Lokalisert i sjukeheimsbygget. Føremålet med denne tenesta er å gje eit husvære tilpassa bebuarar med nedsett funksjonsevne, slik at desse kan ha eit tilnærma sjølvstendig liv.

20.3 Kriterier for tildeling av plass i Bukollektivet

Søklar må vere over 18 år og vere folkeregistrert i Jondal kommune.

Søklar må ha ein helsesvikt, anten fysisk eller kognitiv med behov for tettare oppfølging.

Søklar sin noverande bustad er lite funksjonell, og gjev lite rom for utnytting av søklar sine ressursar til eigenomsorg. Noverande bustad kan i liten grad tilpassast og tilretteleggjast.

Tildeling av plass i Bukollektivet kan hindra eller utsetja trong for institusjonsopphald, og gje søklar auka sjølvstende i eigen kvardag.

20.4 Praktisk informasjon

Leigeavtale vert inngått med kommunen gjennom vedtak om ei samla helseteneste, der satsar er definerte i kommunen sitt gebyrhefte.

20.5 Forventningar til søklar

Jondal kommune forventar at søklar har vurdert naudsynte utbetringar av eigen bustad og busituasjon før søknad vert sendt kommunen.

21.0 Retningsgjevande dokument

Fylgjande dannar ramma for dei kommunale helse- og omsorgstenestane, lista er ikkje uttømmande:

Lov om Helse- og omsorgstenester § 3-1 (HOL)

Lov om behandlingmåten i forvaltningssaker (Forvaltningsloven (Fvl.)):

Lov om brukar og pasientrettigheter (Pasientrettighetsloven (Pasrl.))

Lov om helsepersonell (Helsepersonelllova (Hlspl.))

Forskrift om kvalitet i pleie og omsorgstenestane (Kvalitetsforskrifta)

Forskrift om ein verdig eldreomsorg(Verdighetsforskrifta)

Forskrift om IPLOS-registeret

Kvalitetsindikatorar for helseteneste i kommunen

Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator

Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstenester

Rettleiar IS 1040 (2006) Saksbehandling og dokumentasjon for pleie – og omsorgstenester

Rettleiar IS- 1183 (2004) Korleis halde orden i eige hus, Internkontroll i sosial og helsetenesta

IS 1040 – Saksbehandling og dokumentasjon for pleie- og omsorgstenester

Tenestestandard for Jondal kommune

Kartlegging-, vurdering og samarbeid saman med søkjar

Prop.99 L (2015 – 2016)

Lista er ikkje uttømmande.